



Lindås Kyrkjelege Fellesråd
Lonsvegen 1

5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3282 - 14/23869

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
23.10.2014

Knarvik kyrkje – søknad om tilleggsløyve/gåve

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Lindås Kyrkjelege Fellesråd

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
085/14	Formannskapet	PS	02.10.2014
091/14	Kommunestyret	PS	16.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/3282

Knarvik kyrkje – søknad om tilleggsløyve/gåve

Vedlegg:

Søknad om tilleggsløyving aug 2014 (L)(36929)

1. Lindås kommune gir ei pengegåve til Kyrkje kyrkje i samband med vigslingsgudstenesta 1. søndag i advent. Det blir ei politisk avgjerd om kor stor pengegåva skal vere.
2. Midlane til ei pengegåve skal takast frå disposisjonsfondet.

Formannskapet - 085/14

FO - behandling:

May-Eva Sandvik stilte spørsmål om ho var ugild, som kommunestyret sin representant i Lindås kyrkjeleg fellesråd, i denne saka. May Eva Sandvik var ikkje med under handsaming av denne saka, formannskapet bed rådmann avklare dei ulike verv/habilitet.

Framlegg frå K.Gaulen-Krf:

1. Lindås kommune gjev ei pengegåve på 1,2 mill.til Knarvik kyrkje i samband med vigslingsgudstenesta 1.søndag i advent. Midlane skal brukast til dei føremål som er angjevne i søknaden frå Lindås kyrkjeleg fellesråd.
2. Som rådmannen

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Framlegget frå K.Gaulen-Krf vart vedteke med 8 røyster, mot 2 (Sleire-H og Hetland-H).

FO - vedtak:

1. Lindås kommune gjev ei pengegåve på 1,2 mill.til Knarvik kyrkje i samband med vigslingsgudstenesta 1.søndag i advent. Midlane skal brukast til dei føremål som er angjevne i søknaden frå Lindås kyrkjeleg fellesråd.

2. Midlane til ei pengegåve skal takast frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret - 091/14

KO - behandling:

May-Eva Sandvik var ugild, som medlem i Kyrkjeleg fellesråd, og deltok difor ikkje under handsaming og røysting av denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 9 røyster.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune gjev ei pengegåve på 1,2 mill.til Knarvik kyrkje i samband med vigslingsgudstenesta 1.sundag i advent. Midlane skal brukast til dei føremål som er angjevne i søknaden frå Lindås kyrkjeleg fellesråd.

2. Midlane til ei pengegåve skal takast frå disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Knarvik Kyrkje nærmar seg ferdigstilling og det skal vere vigslingsgudsteneste 1. sundag i advent 2014. I ein søknad til kommunen ber Kyrkjeleg fellesråd om ei tilleggslyyving/gåve som kan finansiere gjenstandar i kyrkjerommet. Mellom anna blir det søkt om:

1. Liturgiske element + ei ekstrarekning til stålramme for glasmaleri: Kr 400.000
2. Lyd-anlegg i kyrkja: Kr 350.000
3. Asfaltlegging, veg og «torg» utanfor kyrkja: Kr 450.000

Totalt blir det søkt om kr 1,2 mill. I søknaden blir det også presisert at eit eventuelt økonomisk bidrag ikkje blir øyremerk, men blir gjeve/løyvd som ein rund sum.

Vurdering:

I samband med bygging av Knarvik kyrkje, har Lindås kommune vedtatt å garantere for eit lån på kr 54,1 mill (sak 31/12). Det har også vore uttrykt spesifikt at dette er ei absolutt ramme frå kommunen si side og at det ikkje vil vere mulig å be om ei auka ramme knytt til sjølve byggeprosjektet. I søknaden som kjem frå Kyrkjeleg fellesråd blir det bedt om ei tilleggslyyving/gåve som kan nyttast til å få på plass sentrale gjenstandar/element før vigslingsgudsteneste 1. sundag i advent. Rådmannen anbefalar at det blir gitt ei pengegåve, men at det er opp til politisk nivå å avgjere kor stor gåva skal vere.